ALVER
KOMMUNE

Torbjørn Tarlebø Liland
Skarsvegen 139
5911 ALVERSUND

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar:<br>Vår: 20/15310 - 21/72368 | Roger Fanavoll Fjellsbø<br>roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.no | 01.11.2021 |

# Svar vedkommande utbetring av septiktank - gbnr 139/27

| | | |
|---|---|---|
| Tiltak: | Avvik i septiktank | |
| Byggjestad: | Gbnr: 139/27 | Skarsvegen 139 |
| Tiltakshavar: | Torbjørn Tarlebø Liland | |

Viser til telefonsamtale den 26.10.2021 med utførande føretak som skal utbetre dykkar septiktank. I telefonsamtalen vart det bedt om utsett frist for retting av avviket.

Det er gitt gjentatte fristutsetjingar for retting i denne saka. Alver kommune vil ikkje utsetje fristen meir, men vel å vente med ilegging av tvangsmulkt til de har gitt ein tilbakemelding på når arbeidet kan gjennomførast.

Dersom Alver kommune ikkje har høyrt noko frå dykk innan **08.11.2021**, vil saka verta oversendt Statens Innkrevingssentral for inndriving.

Vi gjer oppmerksam på at tvangsmulkt varsla i brev datert 27.04.2021 framleis er gjeldande.

**Størrelse på tvangsmulkt**
Som informert om i vedtaket om tvangsmulkt datert 27.04.2021 består den av følgande:

- Eingongsmulkt kr **15 000,-**
- Dagmulkt kroner **200,-** per døgn frå den 01.07.2021.

Pr. 08.11.2021 har dagmulkta vært gjeldande i 131 døgn. Dette utgjer kr. **26 200**,-.
Totalt er tvangsmulkta på kr. **41 200**,-.

**Kva tilbakemelding må du senda Alver Kommune innan 08.11.2021 for å unngå iverksetting av tvangsmulkt:**

- Du må senda Alver kommune informasjon om kva arbeid som skal gjennomførast
- Du må senda Alver kommune ei stadfesting frå utførande føretak om at arbeidet vil bli utført

Det vert sett som eit krav at arbeidet skal væra ferdig stilt innan **01.12.2021**.

**Alver kommune**
Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00
post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no
Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Innan den tid må også dokumentasjon med bilete på at retting er utført vera sendt Alver kommune. Dersom Alver kommune ikkje har motteke dokumentasjon på utført arbeid innan fristen, vil tvangsmulkt bli iverksett med verknad frå 01.07.2021.

Med helsing

Alver kommune Miljø og tilsyn

| | |
|---|---|
| Eirik Berntsen | Roger Fanavoll Fjellsbø |
| Avdelingsleiar | rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Torbjørn Tarlebø Liland | Skarsvegen 139 | 5911 | ALVERSUND |